



Selma med den staselege bunaden

Selma Eik kan meir enn å bake melkekaker og vera leiar for helselaget. Ho er også ein meister til å sy bunadar og ein staseleg gutebunad signert Selma var ein hovudgevinst under den tradisjonelle bedehusbasaren i kveld. Den vart vunne av Wenche Rødsten Thunold i Omvikedalen.



Britt Torill Mathiesen var ein sikker basarleiar

Rundt rekna 50 var møtt fram til basaren som gjekk føre seg etter det tradisjonelle rituale med sal av årer og talongar samt nummertaking i bok. Britt Torill Mathiesen leia .det heile med stor rutine og Birgit Hjelmeland var andakshaldar. Det var sjølvsagt også matøkt og basaren var prega av triveleg samvær mellom gamle kjente.



Johannes Haugland sel årer

Ein annan hovudgevinst var ein rokk laga av Jens Mads Hjelmeland i Omvikdalen og den var det bedehusvertane Nelly og Jon Harald Kjærland som vann. Den kjem godt med ettersom gamlerokken på Kjærland har teke til å skranta! Det var i det heile mange og fine gevinstar. Likevel var det ei positiv overrasking at basaren vart ein så stor suksess - med 36 510 kroner i omsetnad. Det er ikkje mindre enn rundt rekna 9 000 meir enn den førre basaren i 2011 og eit godt tilskot til drifta av bedehuset.

TREKNINGSLISTE

Redningsvest (oppblåsbar) -	Kirsten Døssland
Hagesaks-sett -	Fam Lars Magne Haugland
Fiskestang -	Kirsten Døssland
Strikka gensar -	Anne Kristine Møller
Bibel -	Sigrid og Per Erlend Kjærland
Stor bamse -	Fam Lars Magne Haugland
Pledd -	Karen Pedersen Brede
GPS -	Marit Hauge
Duk med brikker -	Sella og Alf Hjørnevåg
Koppesett -	Ellinor og Steinar Vekve
Blomevase -	Kirsten Døssland
Steikepanne -	Sigrid og Per Erlend Kjærland
Dobbelt sengesett -	Margot og Hilmar Haugland
Røykt laks -	Margot og Hilmar Haugland
Røykt laks -	Anna Seberg Haugland
Røykt laks -	Siv Hanne Kjærland
Røykt laks -	Inger Elise Helgeland
Gutabunad -	Wenche Rødsten Thunold
Rokk -	Nelly og Jon Harald Kjærland
Strikka/Tova babyteppe -	Edit og Gunnar Kjærland

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen